



Utval: Kommunestyret
Møtestad: Vestibylen, Sykkylven kulturhus
Dato: 06.12.2018
Tid: 17:00-20:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Odd Jostein Drotninghaug	Ordførar	SP
Anne Karin Watters	Varaordførar	AP
Irene Tafjord Løvoll	Medlem	SP
Anita Kjersheim	Medlem	SP
Petter Hole-Drabløs	Medlem	SP
Erik Kursetgjerde	Medlem	AP
Steinar Johan Bakke	Medlem	AP
Therese Kristin Utgård	Medlem	AP
Hans Petter Sørensen	Medlem	AP
Ole Kjell Eidem	Medlem	AP
Odd Arne Eidem	Medlem	KRF
Odd Arne Krüger	Medlem	KRF
Kanutte Rieber Roald	Medlem	V
Bjørn Idar Lyngvær	Medlem	V
Eldar Høidal	Medlem	SV
Petter Lyshol	Medlem	H
Birgitte Sætre Bonesmo	Medlem	H
Jostein Grebstad	Medlem	H
Jarle Strømmegjerde	Medlem	H
Synnøve Ramstad	Medlem	H
Steinar Myrseth	Medlem	H
Trond Bonesmo	Medlem	H
Torill Velle	Medlem	H
Olav Harald Ulstein	Medlem	FRP
Anita Vollstad	Medlem	FRP
Svein Tore Sjørgård	Medlem	FRP
Cecilie Naustenget	Medlem	FRP
Rolf Bergmann	Medlem	FRP
Jørgen Kvam	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Kursetgjerde	MEDL	AP
Steinar Myrseth	MEDL	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Gisle Aure	Erik Kursetgjerde	AP
Monica Busengdal	Steinar Myrseth	H

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
May-Helen Molvær Grimstad	Rådmann
Eli Otterlei	Kommunalsjef
Reidar Andresen	Kommuneadvokat
Trude Lillestøl	Utvalssekretær

Sakliste

Saksnr	Sakstittel	Lukka
PS 83/18	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 84/18	Muleg/ vurdering kjøp av bygg/ selskap	X
PS 85/18	Godkjenning av protokoll	

Sak PS 84/18

Sak PS 84/18 vart lukka i medhald av koml. § 31-5.

Permisjon

Jarle Strømmegjerde (H) fekk permisjon frå møtet kl. 18.15.

Signering av protokoll

Til å skrive under protokollen vart Odd Arne Krüger (KrF) og Olav Harald Ulstein (FrP) valde.

PS 83/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 06.12.2018

Behandlingsinformasjon:

Olav Harald Ulstein (FrP) reagerer på at det i innkallinga ikkje er opplyst kva sak som skal handsamast.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre med merknad frå Olav Harald Ulstein (FrP).

PS 84/18 Muleg/ vurdering kjøp av bygg/ selskap

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 06.12.2018

Behandlingsinformasjon:

Rådmann May-Helen Molvær Grimstad orienterte.

Det vart røysta om saka skulle handsamast i lukka møte i medhald av koml. §31-5.

29 røysteføre. 24 røysta for å handsame saka for lukka dører. 5 røysta i mot.

Det vart vedteke å lukke møtet i medhald av koml. § 31-5.

Saksdokumenta vart delt ut i møtet.

Rådmann May-Helen Molvær Grimstad orienterte og svara på spørsmål.

Kommunalsjef Eli Otterlei orienterte svara på spørsmål.

Kommuneadvokat Reidar Andresen orienterte og svara på spørsmål.

Ordførar Odd Jostein Drotninghaug orienterte.

Saka vart drøfta.

Jarle Strømmegjerde (H) fekk permisjon kl. 18:15.

28 røysteføre.

Det vart avtalt gruppemøte kl. 19:10.

Det vart røysta over framlegg til vedtak slik:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sykkylven kommunestyre godkjenner at ordførar legg inn bod på Sykkylven Eiendom AS, foretaksnr. 995065258, sin eigedom gnr/bnr 14/394, med inntil kr. ~~XXXXXXXX~~

På vegne av FrP, Høgre, og SV la Olav Harald Ulstein (FrP) fram slikt framlegg til vedtak:

Sykkylven kommune går ikkje vidare med kjøp av eigedom med gnr/bnr 14/394.

Sykkylven kommunestyre ber administrasjonen kome med ei grundig utgreiing av dei tilbod som har kome inn i høve leige/kjøp av lokale til legesenter.

Venstre, SP, KrF og AP la fram slikt forslag til vedtak:

Sykkylven kommune legg ikkje inn bod om å kjøpe Sykkylven Eiendom AS. Men kommunen vil signalisere at ein er interessert i å gjere ei nærare vurdering av ev. kjøp dersom bygget ev. selskapet vert lagt ut på marknaden. Rådmannen må i så fall førebu ei ny sak for kommunestyret.

Avrøysting:

Framlegget frå rådmannen fekk 1 røyst og fall.

Forslaget til FrP, Høgre og SV fekk 14 røyster, 14 røysta i mot.

Forslaget til Venstre, SP, KrF og AP fekk 14 røyster og vart vedteke med ordføraren si dobbelstemme. 14 røysta i mot.

Kommunestyret vedtok at berre første setning i vedtaket vert gjort offentleg.

Vedtak:

Sykkylven kommune legg ikkje inn bod om å kjøpe Sykkylven Eiendom AS. Men kommunen vil signalisere at ein er interessert i å gjere ei nærare vurdering av ev. kjøp dersom bygget ev. selskapet vert lagt ut på marknaden. Rådmannen må i så fall førebu ei ny sak for Kommunestyret.

PS 85/18 Godkjenning av protokoll

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 06.12.2018

Behandlingsinformasjon:

Det var ingen merknader til protokollen frå møtet 06.12.2018.

Samrøystes vedtak:

Protokollen frå møtet 06.12.2018 vert godkjent slik den ligg føre.

Odd Jostein Drotninghaug (SP)
ordfører

Odd Arne Krüger (KrF)

Olav Harald Ulstein (FrP)

